

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Sjukehusapoteka Vest HF
Dato: 20.03.2014
Frå: Administrerande direktør Jannicke Daae Tønjum
Sakshandsamar: Administrerande direktør Jannicke Daae Tønjum
Saka gjeld: **Revidert møteplan 2014**

Styresak 14/14 (B)

Styremøte 03.04.2014

Forslag til vedtak

Styret vedtek revidert møteplan for 2014.

Oppsummering

Møteplan (Vedlegg 1) og møtekalender (Vedlegg 2) for styret i Sjukehusapoteka Vest 2014 blei vedteken i sak42/12, men etter føretaksmøte 20.02.2014 blei store delar av styret skifta ut, og det er difor behov for å justere/ stadfeste ein revidert møteplan.

I høve til innspel frå ny styreleiar og andre nye styremedlem er det lagt opp til 7 styremøter som i tidligare planen, men med endra dato for styremøte i juni, og endre møtetidspunkt for møte frå 14:00 til 18:00 dei angjevne datoane. I forbindelse med første styremøte etter sommarferien (september) leggst opp til eit styreseminar med hovudtema rundt strategi og prisstrukturar. Ein av dei nye styremedlemmane har varsla at dei planlagde datoane for denne samlinga (11. – 12. september) ikkje lar seg gjennomføre, og administrasjonen foreslår derfor å endre denne datoen til 17. – 18. september. For alle andre styremøter i revidert plan har alle styremedlemmar akseptert utsendt innkalling i Outlook.

I møteplanen er det, ut over allereie avvikla styreseminar i mars, lagt inn styreseminar 5. november. Denne samlinga starter med sosialt samvere og middag kvelden 4. november. På dette styreseminaret deltek berre Styreleiarar og AD i Sjukehusapoteka Vest.

I RHF-styremøte 2. april 2014 (markert med lys blå i møtekalender), kor SAV skal presentere sin aktivitet for RHF-styret, er det og berre Styreleiar og AD som deltek.

Styremøta er geografisk plasserte i Bergen, med unntak av eit styreseminar lagt til Haugesund i september (for å sjå ombygging lokalar). Administrasjonen vil etter endelig vedtak av møteplanen straks sende ut korrigerde Outlook-invitasjonar.

Møteplanen vil bli grunnlag for utarbeiding av interne møteplanar for SAV leiarmøter.

Vedlegg

Vedlegg 1 - Revidert møteplan for SAV-styret 2014

Vedlegg 2 - Revidert møtekalender for SAV styret 2014